

Referat frå styremøte - Jøsneset Bygdaråd 17.03.2025

Tid/Stad: 17.45. Grendahuset

Tilstades: Silje Sværen Oddvar Skiftun, Svanhild H Gbada, Johan Fosså, Joar Rosså

Vara: ikkje innkalla.

1.Referat frå førre styremøte: gjennomgått og godkjent

2. Referat frå årsmøtet: gjennomgått og godkjent

2. Pågåande oppgåver

- Oppussing grendahus: sende søknad om midler + inngår avtale med HB: Silje og Svanhild
- Volleyballnett: Joar festar opp det gamle inntil vidare (til ny dør er bytta)
- Oppdatere i Brønnøysundregisteret / MVA/ binde rente 300 000: Oddvar
- Oppdatere Frivilligregisteret: Svanhild.
- Årsmelding/rekneskap24: sendast til kommunen jf driftsavtalen for tilskot: Svanhild.
- Akustikkdemping til rommet i grendahuset: Johan sjekker priser og typer.

3. Konstituering av styret:

- Kasserer: Silje
- Sekretær: Svanhild
- Utlån/Utleige: Johan
- Vaktmeister mm: Joar
- Leiar: Oddvar
- Nettsideredaksjon: Svanhild, Silje, Solveig

4. Utleigeprisar leige av rom,

- Kontorleige: pris faste leigetakar aukast ift KPI : Oddvar fornyar
- 50 kr dropin- pris pr dag. Svanhild korrigerer oppslag på leigeromma/nettsida.

5. Aktivitetsplan 2025

- Folkemøte 20.mars: me møtes 17.30, kaffekoking, Svanhild kjøper inn «kaffemat», Silje rigger prosjektor/lerret/oppvarming.
- Strandryddeaksjon: Svanhild melder oss på.
- Rydde-og vaskedugnad: onsdag 30.april.
- Pub: 24.mai
- Jonsok
- Smashing: 2.august
- Skalkefest helga etterpå
- TV-aksjon, oktober.
- November-pub
- Kveldsmat m/program : Oktober
- Julatretenning: første søndag i advent.

6. Jøsneset bygdaråd si rolle i steinbrot-saken

Ifl årsmøtet skal JB forhalde seg nøytrale, men me drøfta moglegheiter for innbyggjarundersøking. Avventar til etter folkemøte.

7. Sak frå kommunen om struktur oppvekst:

Framtida for eksisterande skule/barnehagebygg er ein del av saka. Me lager forslag til uttale vedr dette. Viktig ift til avtaler me har i dag, Utløyser mykje dugnad.

Referat , Skiftun 17.03.25 , Svanhild Hjorteland Gbada